



Bli varsla med SMS

Me sender varsel om feiing og tilsyn via fagprogrammet, Komtek brannforebygging. Dei hentar all kontaktinformasjon frå det nasjonale Kontakt og reservasjonsregisteret (KRR).

Har du ikkje fått varsel er det grunna at det ikkje er registrert rett telefonnummer på eigedommen eller at de har reservert dykk mot å ta imot offentlege dokument digitalt.

For å sjekka at de har kontaktinformasjon registrert, kva som er status på reservasjon eller for å endra kontaktinformasjon må de inn på denne nettsida der de må logga inn med bank-ID.

[Oppdater kontaktinformasjon | Norge.no](http://www.norge.no/nb/digital-borger/oppdater-kontaktinformasjon) (www.norge.no/ /nb/digital-borger/oppdater-kontaktinformasjon)

I dette felles nasjonale kontaktregisteret tilrår me å leggja inn både mobiltelefon og e-postadresse då mykje informasjon frå det offentlege vil vera her i framtida. Dette er sameleis som med sjølvmeldinga, som de kanskje er kjent med frå tidlegare. Det er berre tinglyst eigar av eigedommen som kan endra informasjon her.